

Fra: Berge Åsmund (Asmund.Berge@kud.dep.no)
Sendt: 31.03.2014 16:07:52
Til: Bjørg Larsen
Kopi: Roa Morten

Emne: SV: Søknad om spelemidler 2014 - søkjarar
Vedlegg: Søknad om spelemidler 2014 - søkjarar.pdf
Hordaland fylkeskommune

For: Bjørg Larsen

Kulturdepartementet viser til brev av 20. mars 2014 fra Hordaland fylkeskommune (sjå under), samt telefonsamtale om same tema tidlegare.

Departementet finn ikkje å kunne godkjenne ei foreldregruppe som har danna ei foreining, og som vert betrakta som eit foreldreutval (FOU), som berettiga til å søkje om spelemidler, jf. *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2013*, sjå punkt 2.2.1 om krav til søkjar. Foreldreutval fell utanfor føresegna, ettersom eit foreldreutval ikkje vil kunne oppfylle dei krava som følgjer av vedlegg 4 i føresegna om vedtekter til ein samanslutning. Foreininga "Rosendal Idretts- og fritidspark" kan såleis ikkje søkje om spelemidler.

Med hilsen

Åsmund Berge
seniorrådgiver

Kulturdepartementet
Idrettsavdelingen

Telefon: 22 24 80 60
E-post: asb@kud.dep.no

Adresse:
Kulturdepartementet,
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

www.kud.dep.no

Tenk på miljøet – ikke skriv ut denne e-posten med mindre det er nødvendig

Fra: Bjørg Larsen [mailto:Bjorg.Larsen@hfk.no]
Sendt: 21. mars 2014 14:47
Til: Postmottak KUD
Kopi: Berge Åsmund
Emne: Søknad om spelemidler 2014 - søkjarar

Søknad om spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2014 nærmiljøanlegg - søkjarar

Viser til telefonsamtale og kjem med fyljande tilleggs opplysningar om ein skilde søkjarar. Burettslag og velforeiningar kan søkje om tilskot til nærmiljøanlegg. Likeeins kan foreldreutval ved skulane søkje om tilskot. Vi har utifrå tilgjengelige opplysningar - oppfatta at våre søkjarar kjem under denne kategori.

Dette gjeld Hatlestrand Bygdelaag. Hatlestrand har ca 400 innbyggjarar. Bygdelaaget består av frivillige personar som bor i bygda. Dette er å betrakte som velforeining.

Fjellberg bygdelaag på øya Fjellberg står bak Fjellbergparken. Dette er og å betrakte som velforeining. Ei foreldregruppe i Rosendalsområdet har danna foreininga «Rosendal Idretts- og fritidspark». Dette er å

betrakte som FOU – foreldreutval.

Håpar dette er opplysningar som understøttar vår godkjenning av desse spelemiddel søknadar.

Britt Karen Spjeld

Leiar

Bjørg Larsen

Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Åsmund Berge